

## **Den fyrste frådelinga i Skipevåg, Vikane, Skipevåg b. nr. 2.**

Peder Olsen Skipevåg f.1810 som var bror til tippoldefar, Lars Olsen f.1807 overtok ein part av garden Skipevåg i 1841. Dette bruket (b.nr.2) fekk navnet Vikane.

Peder gifte seg i 1841 med Malena Andersdtr. Myrane. Dei hadde fire born: Anna f.1842, Ingeborg f.1844, Mallene f.1846 og Oline f.1848. Denne fyrste kona til Peder døydde i 1851.

Året etter gifta han seg på nytt med Anna Helgesdotter Kvaløy, dei fekk tre born: \*Katrine f.1854, Anna f. 1857 og Ola f. 1858.

I 1860 døydde Peder ca 50 år gammal. Enkja, Anna Helgesdotter Kvaløy blei gift på nytt med Hallvard Hallvardsen Brommeland i 1861. Dei budde i Vikane til 1864, då dei overtok bruket Fetå på Brommeland i Sand/Suldal og flytta dit.

Etter ca 23 år var alle frå den opprinnelige familien flytta frå Vikane, og husa sto tome, men ikkje lenge.

Sonen til Peder og Anna, Ola Pedersen fekk skøyte på Vikane etter at faren var død i 1861. Ola sat med skøyta til han døydde som ugift dreng på Brommeland i 1878.

Bror til oldemor, Tormod Bjørnsen Nybru f. 1838 og søster til oldefar, Brita Larsdatter Skipevåg f. 1835 flytta så til Vikane då dei gifte seg i 1864, og budde der til dei overtok Nybru ca 1871. Dei tre eldste borna deiras blei fødde i Vikane: Magla 1865, Bjørn 1866 og Martha 1868.

Bjørn Bjørnsen f. 1850 som var yngste bror til Tormod B. Nybru flytta så til Vikane i 1871. Bjørn hadde med seg yngste søstera, Brita f.1854 som husholderske til Vikane. Ho blei gift med bror til oldefar, Torjus Larsen Skipevåg i 1874. Han hadde bygd hus på Nausthaugen, og dei flytta dit. Brita og Torjus fekk dei to eldste sønnene, Lars 1875 og Bjørn 1878 på Nausthaugen. I 1878/79 kjøpte dei gard på Vormestand og flytta dit.

Torjus og Brita var då det tredje paret av søskjenflokken på Nybru og Skipevåg som gifta seg saman.

Bjørn Bjørnsen fekk skøyte på Vikane i ca 1878.

I 1880 gifte han seg med Borghild Bjørnsdatter Skeie frå Sand, og fekk åtte born: Magla, Inger, Bjørn, Konrad, Berta, Thea, Borghild og Johannes.

Bjørn hadde Vikane til sonen Johannes B. Skipevåg f. 1898 overtok i 1932. Johannes blei gift med Nille Charlotte (Nilla) Natland og fekk seks born: Borghild, Johanna, Liv, Bjørn, Kjellaug og Gerd Borgny.

Bjørn, sonen til Johannes og Nilla blei gift med jordajenta Kirsten Sørheim i Vikedal, Bjørn var neste brukar og sonen hans igjen, Bjørn Kjetil har Vikane i dag.

Dei to siste brukarane har ikkje budd i Vikane, men drive det som tilleggsjord til garden sin på Sørheim i Vikedal.

Søster til Tormod og Bjørn Bjørnsen (Nybru) Skipevåg, Magla Bjørnsdatter f. 1847 var gift med Ola L. Skipevåg f. 1838, Magla og Ola er mine oldeforeldre.

\*:Katrine f.1854 blei gift med naboguten, Ola Brommeland frå ein annan gard på Brommeland. Dei reiste til Illinois i 1891 og farma der.

Dei hadde 10 born, så det er ein del etterkomrarar etter dei der borte, dei mannlege skriv seg for Bromeland.

**På dei neste to sidene kan ein lese avskrift av skylddelinga frå 1843**



Statsarkivet i Stavanger  
J.nr. 7/1985

Skipevåg gnr. 98 i Vikedal

UTSKRIFT side 1

TT/vd

Ryfylke sorenskriverembete

Ekstrarettsprotokoll 1, 1841-1847, pag. 58-59

Rett: 1. juli 1843

.....

Aar 1843 den 1ste Juli blev Retten sat og betjent i Sorenskriverens lovlige Forfald af hans eeds. Fuldmægtig H. Nerdrum paa Gaarden Skibevaag Matr. No 51/76 i Vigedals Thinglaug, af Skyld gl. 4 Bismerpund Smør, nye 4 Dlr. 14 Skilling, der for Tiden eies af Lars Olsen til en Skyldsætnings og Delingsforretnings Afholdelse, hvorveden Deel af denne Gaard intenderes udskiftet til Broderen Peder Olsen. - Retten medbetjent af de 4 eedsvorne Laugrettemænd, Anders Johannesen Vaagen, Jacob Andersen Huustoft, Bjødne Thormodsen Nybroe og Sjur Sjursen Drengstig. - Tilstede i Retten baade Kjøber og Sælger. Hvorda ! blev fremlagt Mændsudnævnelse af 27de Mai d.A, forsynet med Sorenskriverens Berammelsespaategning, der blev læst og siteres her saalydende. (utelatt) Retten begav sig derpaa i Medfølge af Parterne til den solgte Deel, som bestaaer i Udslaatter, og blev denne udskiftet fra Gaarden, idet en Delingslinie blev opgaaet, der tager sin Begyndelse i S.V. paa Toppen af en Bergryg, kaldet Tvergjerdshagen i Nabogaarden Rønnevigs Skiftelinjie, hvor blev hugget X, gaaer derfra O.N.O. i yttre Kant af bemeldte Fjeldryg til X, der blev hugget i samme, derfra i samme Retning til X i et Bjerg, kaldet Løehougen, derfra fremdeles i samme Retning til X, som blev hugget i den vestlige Kant af en Houg, kaldet Næseflekhougen, derfra i samme Retning til en Houg, kaldet Lierhougen, i hvis øndre Kant blev hugget X, derfra gaaer Linien



59

i en lidt mere østlig Retning i Flugt med en Fjeldkant til X i et Bjerg ved Gangeledet, derfra bøier Linien og gaaer O.S.O. 74 Skridt til X i et fladt Fjeld, beliggende i Veien til Søen paa nedre Side af Smalemyren, derfra i samme Retning til Nøsthougen lige ved Søen, paa hvis Tag blev hugget X, hvor Skiftet ender imod / Søen. -

Dette Stykke altsaa, som begrændses og ligger indefor ovenbeskrevne Skiftelinie , og paa de øvrige Sider af Søen og Rønnevigs Bør- og Skiftegjærde skal udgjøre Kjøberen Peder Olsens Part hvormed ogsaa skal følge de udenfor samme nærliggende Holmer, med Undtagelse af Storøen. Kjøberen skal desuden have frit Beite for 4 Kjør og 25 Smaler lige med Gaardens øvrige Kreature i Hovedgaarden. - Det bemærkes at Opskridtning af denne Linie ikke har fundet Sted paa Grund af Terreinets couperede Beskaffenhed, der gjør samme umuelig. - Laugrettet derefter ansatte enstemmigt Peder Olsens Brug for 1/8 Part af hele Gaarden, eller i Skyld 12 Mark Smør eller nye Skyld 2 Ort 13 Skilling, og bliver følgelig Lars Olsens tilbageværende Brug af Skyld 3 Bismerpund 12 Mark Smør eller 3 Daler 3 ort 1 Skilling, idet Brøkskillingen lagdes paa dette. - Med denne Forretning erklærede Parterne sig fornøiede uden at begjære videre tilføjet; thi blev denne sluttet. - H Nerdrum (u)-Anders Johannesen Vaagen m.f.P. Bjørn Tormodsen Nybræe (u) Jacob Andersen Huustoft og Sjur Sjursen Drengstig begge m.f.Pen. -